

Uskedelingar på kunnskapsrikt lag

01.12.2010

**Tre uskedelingar var med på tysdagskveldens vinnarlag
i den vekenlege kunnskapstevlinga på restaurangen To søstre på Husnes.**

Det var far Øystein Enæs med dotter og son, Anita og Rune. Dei var saman med to unge, kvinnelege husnesingar. Rune Enæs bur på Husnes med familie.

Laget, Tvangsgutane, fekk 88 poeng, to poeng meir enn lag nummer to, To brødre.

I alt var det med sju lag. Det er noko mindre enn deltakinga i vår, då det kunne vera med det doble, ja, også det tredoble.

Spørsmåla denne gongen var mellom anna henta frå nyhende, engelsk geografi, FN-organisasjonar, bil og mat, musikk og kjenna att musikkmelodiar.

t-